



Guro Klyve

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3203 - 16/984

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

18.01.2016

Referat møte om vassleidning Fløksand-Beitingen

Møtedato: 14.01.2016

Stad: Meland rådhus

Deltakarar:

Berit Eskeland – Meland kommune

Tore Johan Erstad – Meland kommune (delar av møtet)

Guro Klyve – Hordaland fylkeskommune

Knut Jordal – Hordaland fylkeskommune

Peter Namtvedt – Stiftelsen Meland Golf og Naturpark

Rune Mjøs – Meland golfklubb

Lars Barstad – Meland golfklubb

Generelt

Meland kommune orienterte om bakgrunnen for anlegget og planlagt framdrift. Entreprenør vil bli valt i slutten av januar, og oppstart er planlagt i mars. I utgangspunktet er anlegget tenkt gjennomført innan utgangen av oktober 2016.

Golfklubben presiserar at det er viktig at entreprenøren rydder opp etter seg.

Parkeringsplass ved golfbane

Golfklubben er bekymret for arbeider på parkeringsplassen og at evt. plassering av rigg vil vanskeleggjere parkering i golfsesongen (1. apr – 31. okt).

Meland kommune vil drøfte med entreprenøren om arbeidet her kan gjerast slik at det ikkje kjem i konflikt med golfsesongen.

Golfklubben informerar om at riggplassering kan være mogleg ved steinbrot lenger inne på golfbana. Her må det i tilfelle gjerast noko tilpasning frå entreprenøren si side. Dette vil ein komme tilbake til når entreprenør er valt. I anbudsgrunnlaget til kommunen er det sagt at entreprenør må sjølv gjere avtale med grunneigar om riggplass.

Borehol frå VK2 – VK 3

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Golfklubben har forslått at ein i staden for etablerar grøft ved vegen og sprenger vekk eksisterande knaus. Dette vil gje moglegheit for betre sikt langs den kommunale vegen og betre plass for fotgjengarar. Meland kommune har ikkje lagt opp denne trasèen pga det vil koste meir og innebere store terrenginngrep. I tillegg er det reguleringsmessig problematisk ettersom området er regulert som vernet område. Ein evt. dispensasjon eller reguleringsendring ligg langt utanfor det som er nødvendig for å få gjennomført vassleidninga, og er difor ikkje aktuelt for kommunen. Hordaland fylkeskommune ønskjer heller ikkje større terrenginngrep i eit verna område. Kommunen vil vurdere om det kan være aktuelt å gjere mindre tiltak for å betre sikten langs vegen.

Trasè frå VK3 – VK 4

Golfklubben ønskjer at leidningstrasèen skal gå på den andre sida av vegen frå der den er prosjektert. Årsaka er at den ikkje skal kome i konflikt med evt. framtidig utviding av bygingsmasse. Meland kommune informerer om at trasèen er prosjektert basert på det som er vurdert som den teknisk beste trasèløysninga. Ei evt. endring av trasè må drøftast med Meland kommune sin prosjektleiar og prosjekterande konsulent. Meland kommune vil kome tilbake til dette punktet.

Ny kum VK5B

Golfklubben ønskjer ein vasskum ved steinbrot for evt. ny driftsbygning i framtida. Meland kommune vil sjå på om det er fornuftig å flytte nokon av dei eksisterande kummane, legge ein stikkleidning til ønska punkt eller lage til ein ny kum. Teknisk løysning vil ein komme tilbake til, men det er greit for kommunen at ein sikrar området vassuttak i samband med anlegget.

Skog

I samband med anlegget vil det bli felt ein god del tre. Trea er av ulik verdi med omsyn til bruk ol. Små greiner vil flisa opp. Det vart avtalt at felte tre skal gå til grunneigar. Plassering av tømmer vil bli nærare avtalt.

Vidare samarbeid

Alle partar ønskjer å ha eit godt samarbeid før og under anleggsperioden. Etter fylkeskommunen sitt initiativ vil det bli gjort ei eigen avtale på samarbeid og det praktiske, i tillegg til oversendt grunneigaravtale. Fylkeskommunen vil sende over eit eksempel på ein slik avtale til kommunen.

Distribusjon

Referatet vert sendt til Hordaland fylkeskommune v/Guro Klyve som vidareformidlar til alle møtedeltakarar.

Med helsing

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Guro Klyve